

Saksprotokoll i Administrasjonsutvalet - 29.11.2021

Natalia Golis (MDG) sette fram slikt forslag:

«Administrasjonsutvalet tek forslag til budsjett 2022 frå finansutvalet, 24.11.21, til vitande.»

Magne Hagesæter (LO) sette fram slikt forslag:

«Vestland fylkeskommune har utfordringar med å følge opp det høge talet eigne lærlingar på ein god nok måte, noko som går fram av PwC-rapporten. For å tydeleggjere oppfølgingsansvaret bør ein vurdere å gi eit lønnstillegg for alle instruktørar og faglege leiarar og ein bør vurdere frikjøp for enkelte tilsette med ansvar for mange lærlingar.»

Avrøysting

Golis sitt forslag var samrøystes vedteke

Hagesæter sitt forslag fekk 5 røyster (Benedicte Staphanie Meyer (UNIO), Hilde Kvamsås Aa (UNIO), Helge Bohne (YS), Magne Hagesæter (LO) og Lin Cathrin Brunborg Anthun (AKADEMIKERNE)) og fall

Vedtak

Administrasjonsutvalet tek forslag til budsjett 2022 frå finansutvalet, 24.11.21, til vitande.